

4-3 for uendra branntroppar

07.10.2010



Kontrollert brann på Flatholm tidlegare i år. Kjell Tungesvik, Kjell Erik Taranger, Sindre Eidsvik og Tor Øystein Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Formannskapet med 7 av dei 9 medlemmene til stades gjekk i dag med 4 mot 3 røyster inn for å oppretthalda branntroppane på Halsnøy og i Uskedalen som i dag.

**Det var Framstegspartiet ved Elisabeth E. Tharaldsen som sette fram forslag om det.
Men saka er ikkje endelig bestemt - ho skal også opp i kommunestyret**

Sidan saka var oppe i kommunestyret sist er ho utgreidd vidare og rådmannen har gått inn for nedleggjing av dei to branntroppane. Han innrømmer at ein halvering av brannstyrken på Halsnøy og nedleggjing av Uskedalen vil føre til mindre slagstyrke i førsteinsnatsen på Halsnøy og lengre innsatstid i deler av Uskedalen sitt sløkkjeområde enn i dag. Men det vil også føre til mindre driftskostnader og spesielt vil dette utgjera betydelige summar når det gjeld utdanning av brannpersonell.

Ved å halvere på Halsnøy og legge ned i Uskedalen oppretthalde ein dei lovpålagde krava. Går ein inn for å oppretthalda dei to branntroppane som i dag vil ein liggja over minimumskrava og vera godt rusta på personalsida. Ein kan også gå inn for ei mellomloysing til dømes med brannpersonell på dei to stadene. Då vil desse styrkane vera på linje mannskapsmessig med Åkra, Fjellberg og Varaldsøy.

Saka har vore sendt til uttale, men det har berre kome inn ein ytring - frå Sunnhordland folkehøgskule. Det uttrykte Elisabeth E. Tharaldsen forundring over.

Ho uttrykte kor viktig det er med ei grunnleggjande kjensle av tryggheit.
Torfinn Myklebust (Innbyggarpartiet) slutta seg til dei orda og streka under at det blir lengre innsatstid i Uskedalen. Han gjekk inn for å oppretthalda dei to troppane og det same gjorde Bjarne Berge (TS) som påpeika konsekvensane for forsikringane til større verksemder.
Gunnar Våge (Sp) streka under at Eidsvik vil representera eit godt supplement.
Otto Benjaminson (Krf) påpeika to usikkerhetsmoment på Halsnøy:Tunellen under sjøen og dei funksjonshemma på folkehøgskulen.

Av Ola Matti Mathisen